



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1480 - 15/32075

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

14.10.2015

## Etterlyser tilbakemelding fettutskiljar ved Knarvik vidaregåande skule

Teknisk drift etterlyser tilbakemelding på krav om fettutskiljar ved kantine ved Knarvik vidaregåande skule. Lindås kommune har i lokal forskrift fastsett at alle verksemder som har utslepp av avlaupsvatn som inneheld fett eller olje av animalsk eller vegetabilsk opphav skal ha fettutskiljarar. Verksemder som har kantine fell inn under krav om utskiljaranlegg. Variasjonar i bruk av næringsmidla, produksjonsmetoder og førebuingform har betydning for feittinnhald i avlaupsvatn. Kommunen vil i kvart enkelt tilhøve vurdere om ein kan gje fritak frå krav til utskiljaranlegg. Føresetnad for fritak er at verksemda kan dokumentere at dei ikkje har utslepp av fetthalding avlaupsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er, per dags dato, ikkje gjeve fritak for utskiljaranlegg ved kantine ved Knarvik vidaregåande skule. Skulen har heller ikkje installert slikt anlegg ved sine kantiner.

Teknisk drift har første halvår i 2014 vore i dialog med Knut Jordal vedrørende dette. Han skulle gje ei tilbakemelding om produksjonen ved kantine til skulen. Teknisk drift har, per dags dato, ikkje fått tilbakemelding om kva og kor mykje som vert produsert i dei to kantine.

Dersom skulen ønskjer å søkje om fritak frå krav om utskiljaranlegg må skulen dokumentere at det ikkje vert ført fett ut på kommunalt leidningsnett.

### Dokumentasjon som skal leggjast ved ei eventuell søknad er:

- Dersom det er muleg skal det takast vassprøve (under full drift) etter vaskekum og før tilkopling til fellesnett. Fettinnhaldet i avlaupsvatnet skal analyserast av godkjent firma.
- Videokjøring av leidningsnett (minimum 20m inn på leidningsnettet frå vaskekum)  
Dette må utførast av firma som har spesialisert seg på slik dokumentasjon. Det må nyttast spesialkamera som kan fange opp avleiring av fett på leidningsnettet. Vi gjer merksam på at rørleggar har ikkje nødvendig utstyr (kamera) for denne typen arbeid.
- Leidningskart som viser kor kamerakjøringa er utført. På dette leidningskartet skal ein merke av kor ein har tatt enkeltbilete. Områder der ein registrerer fett skal også merkast av på dette leidningskartet.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dersom dokumentasjonen viser fravær av fett på leidningsnettet og eventuelt i utsleppsvatnet, vil Teknisk drift vurdere å gi eit fritak. Inntil slikt fritak ligg føre vil krav om utskiljaranlegg ved kantine vere gjeldande.

*Det med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift VA har krevd installering av fettutskiljar ved verksemder som har kantiner. Fettutskiljar skal tilknyttast spill vassleidning slik at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatnet. Føremålet med utskiljaranlegget er å separere fett frå prosess- og avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på kommunalt leidningsnett og skaper problem for leidningsnettet og reinseanlegg.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN